

Glomsdam Kraftverk as

Dato: 29.06.2022

c/o Vest-Telemark Kraftlag AS

Høydalsmobegen 815

3891 Høydalsmo

Org.nr: 922 307 962

Norges Vassdrags- og Energidirektorat, NVE

Middelthunsgate 29

Postboks 5091, Majorstuen

0301 OSLO

Glomsdam kraftverk AS, søknad om forlenga byggefrist

Glomsdam S.u.s. søkte NVE om konsesjonsfritak 08.02.2016 for kraftverksplanane i Glomsdam i Kilegrend i Fyresdal kommune (Vestfold og Telemark fylke).

Søknaden blei handsama i NVE og i brev av 02.08.2017 blei tiltaket vurdert ikkje konsesjonspliktig.

Som det går fram av søknaden var det Skafså Kraftverk ANS og Arendals Fossekompani ASA som var 50 – 50 % interessentar i Glomsdam S.u.s. Skafså Kraftverk ASA er eigd av Vest-Telemark Kraftlag AS (VTK) 67 % og Hydro Energi AS 33%. I tida fram til stifting av Glomsdam AS trekte Hydro Energi AS seg frå vidare deltaking og VTK overtok deira interesse. Ved stifting av selskapet Glomsdam AS 29.01.2019 var difor aksjefordelinga slik: Arendals Fossekompani ASA med 50 % og Vest-Telemark kraftlag med 50 %.

I prosessen etter fritaksvedtaket har me arbeidd med å få dei privatrettslege tilhøva på plass. Dette har teke lang tid, men me har no alle avtaler på plass, både med alle berørte grunneigarar og regulanten Arendals Vassdrags Brugseierforening (AVB).

Glomsdam As har sidan hausten 2021 engasjert konsulentselskapet Sweco ved Knut Tjugen for prosjektering og kontakt med aktuelle utbyggarar. Denne prosessen har kome langt, og me er no i slutfasen for elmek-leveransen.

Tidleg i haust vil Glomsdam / Sweco utarbeide Landskaps- og miljøplan i samsvar med vedtaket i NVE punkt 3 (s. 5). Planen vidare er at arbeid med kontraktar med elmek og bygningsmessig arbeid vil føregå etter at me har fått Landskaps- og miljøvedtak i NVE.

Som det går fram av vedtaket i NVE (s. 6) er tiltaket gyldig i 5 år frå vedtakets dato, jfr. vannressursloven § 19. Me reknar med at det betyr at byggefriststarten er 02.08.2022. Som det går fram av framdriftsplanane beskrive ovanfor vil me ikkje kunne rekke dette og må søke om forlenga byggefrist.

Håpar på ei positiv handsaming av søknaden.

Med venleg helsing

Glomsdam kraftverk AS



Aslak Ofte

Styreformann i Glomsdam AS

e-post ao@vtk.no